



HELLEBAKKEN 45  
5039 BERGEN  
TELEFON: 55 39 29 50  
FAKS: 55 39 29 59  
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO  
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Alver kommune  
Avd. byggesak  
Postboks 4,  
5906 FREKHAUG

## VEDLEGG B-1

Vår ref.: 02-6/23-LET	Dykkar ref.:	Dato: 28.02.2023
-----------------------	--------------	------------------

### SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE MOT ELV/VATN FOR TILTAK I HILLANDSVATNET FRILUFTSOMRÅDE (GNR./BNR. 133/71), ALVER KOMMUNE

I denne saka vert det søkt om dispensasjon frå byggjing i strandsona m.o.t. forlenging av eksisterande trebryggje (rampe). Det er ei enkel tilrettelegging (mindre tiltak) etter pbl §§ 20-4 bokstav a og c, som vil gje eit lite inngrep på omgjevnadane.

#### Bakgrunn

Tiltaket det vert søkt om ligg i Hillandsvatnet friluftsområde. BOF driftar og forvaltar friluftsområdet i samarbeid med kommunen.

Friluftsområdet har per i dag opparbeida tilretteleggingstiltak som parkeringsplass, grusa turveg ned i området og utetoalett.

#### Grunner for å gje dispensasjon

Ønskja tiltak vil betre tilhøva for dei besøkjande av friluftsområdet.

#### **Fordelar med tiltaka**

Tiltaka vil

- fremje ålmenta si bruk av strandsona i høve til bading og opphald
- gje betre friluftstilhøve og -tilbod for ålmenta
- komplementere eksisterande tilrettelegging

#### **Ulempene med tiltaka**

Strandsona får utvida storleik på ein eksisterande installasjon.

#### Søknad om byggetillating

Det vert søkt om byggetillating for

- Forlenging av trebryggje (rampe), om lag 8,0 m lengd og 1,5 m breidde i forkant (mot landsida)
- Om flyfoto stemmer er sjølvte trebryggja er lengre enn teikna inn i kartet. BOF ber byggesaksavdelinga vurdere det (om det er feil/avvik i kart og søknad) søkjer ein om

den forlenga lengda på trebryggja ut i vatnet (målt i flyfoto til om lag 7,0.m og 1,5 m breidde

Vedlagt følger:

Situasjonsplan

Teikningar / skisser

Bilete av dagens situasjon

Med venleg helsing  
Bergen og Omland Friluftsråd

  
Dag B. Seter  
Administrativ leiar

  
Bergen og Omland Friluftsråd  
Helleveien 145, 5039 BERGEN  
Tlf: 55 22 55 10 Fax: 55 39 29 59  
Foretaksnr.: NO 071426732 MVA